

# Møteprotokoll

**Utval:** Jostedalsbreen nasjonalparkstyre  
**Møtestad:** Jostedalsbreen nasjonalparksenter, Oppstryn  
**Dato:** 08.10.2018  
**Tidspunkt:** 10:30-13:00 **Synfaring:** 13:00-17:00

## Følgjande faste medlemmar møte:

Namn	Funksjon	Reprenter
Einar Målsnes	Medlem	Balestrand
Oddmund Klakegg	Medlem	Jølster
Ivar Kvalen	Leiar	Luster
Karen Marie Hjelmeseter	Medlem	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Jarle Aarvoll	Medlem	Sogndal
Marius Dalin	Medlem	Førde
Venke Kollbotn	Medlem	Gloppen

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Reprenter
Sven Flo	MEDL	Stryn

## Følgjande varamedlemmar møte:

Namn	Møtte for	Reprenter
Kari Synøve Muri	Sven Flo	Stryn

## Merknader

Styret drog, etter styremøtet, på synfaring til Sunndalen for å sjå det pågåande driftevegsprosjektet. Etter Sunndalen drog styret på synfaring til Erdalen for å sjå korleis fjorårsprosjektet vart blitt.

## Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Bente Støa	Nasjonalparkforvaltar
Maria Knagenhjelm	Nasjonalparkforvaltar
Anne Rudsengen	Statens naturoppsyn

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

\_\_\_\_ Ivar Kvalen \_\_\_\_\_ Einar Målsnes \_\_\_\_\_

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 28/18	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 29/18	Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 30/18	Orienterings- og drøftingssakar		
RS 28/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - ønskje om meir kapasitet i forvaltninga		2013/2094
RS 29/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - avklaring om dronebruk til sanking av sau kring Åbrekkenibba		2018/2832
RS 30/18	Småreparasjonar på stien til Oldeskaret		2018/2191
RS 31/18	Endringar framfor Supphellebreen		2017/3704
ST 31/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - Løyve til uttak av ved til eige bruk - Langedalen, Luster		2018/3130
ST 32/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til reparasjon av flaumskade - Bødalen sameige		2010/14759
ST 33/18	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - uttale om catskiing på Strynefjellet		2018/2675
ST 34/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - droneflyging over Flatbrehytta - Breoppleving		2018/2596
ST 35/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - politimelding av dronefilming ved Bøyabreen		2018/3125
ST 36/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - behov for revidering av verneforskrifta		2018/3137
ST 37/18	Eventuelt		

### ST 28/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden

#### Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 08.10.2018

#### Handsaming i møte

Ingen merknadar til innkalling og dagsorden.

#### Vedtak

Samrøystes vedteke.

## **ST 29/18 Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 08.10.2018**

#### **Handsaming i møte**

Ivar Kvalen foreslo Einar Målsnes til å skrive under protokollen i lag med styreleiar.

#### **Vedtak**

Samrøystes vedteke.

## **ST 30/18 Orienterings- og drøftingssakar**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 08.10.2018**

#### Orienterings- og drøftingssakar

1. Oppsummering av synfaringa til Kattanakken  
Dei tre styremedlemmene som var på synfaringa førre styremøte oppsummerte litt, og forvaltninga viste bilete. Det var tørt og fint vêr og styret nytta høve til å snakke med folk langs stien. Styret ønskjer at rapporten frå Utmarksressurs skal inkludere statistikk frå redningsaksjonar dei siste åra. Styret ønskjer ikkje å endre vedtaket om å fjerne kjettingane, men synes det ikkje var naudsynt å effektuere vedtaket no før rapportane ligg på bordet. Rapportane, både frå NINA og frå Utmarksressurs as, kjem ila hausten.
2. Plan for dialogmøtet med rådgjevande og administrativt kontaktutval  
Dei to utvala er invitert til Stardalen den 27. november, og viktige tema blir framlegging av NINA-rapportane, forvaltningsplanen og tiltak. Årets siste styremøte blir same dag, etter dialogmøtet. Då skal styret også vedta tiltaksplanen før bestillingsdialogen neste år.
3. Status for forvaltningsplan og besøksstrategi  
Takket være ekstra ressurser i sekretariatet er vi i gong med planarbeidet, og alt blir lagt inn i ny nettbasert mal frå Miljødirektoratet. Planen får no ein strammare struktur enn tidlegare, og det blir direkte koplingar til bevaringsmål og tiltaksplan. Besøksstrategien blir eit vedlegg i planen, med felles høyring. Styret signaliserte at tre bygdemøte var nok i denne runden.
4. Status for budsjett og tiltak i 2018, og omdisponeringar  
Styret satsar på å nytte alle dei tildelte kr 870 000,- i haust. Omdisponeringar av kr 10 000,- frå prosjekt Skilt ved nasjonal turistveg til prosjekt Sauetråkk på Fosnes. Eventuelle fleire restmidlar kan gå til elvetiltak i Bødalen, ev høyre med andre verneområde om dei har noko til overs.

5. Strategi for neste års tiltaksmidler  
Styret ønskja å være ambisiøse på volum, men ville ha meir informasjon til neste styremøte om alle innkomne framlegg. Styret ville prioritere tiltak der det elles ville være fare for negative medieoppslag, t.d. toalett, o.l. Fordi det er skilnad på kor arbeidskrevjande ulike tiltak er for sekretariatet, kan det også spele ei rolle i samlevurderinga.
6. Nytt frå SNO  
Via statsbudsjettet har det komme framlegg om fem nye SNO-stillingar i landet, primært fokusert rundt rovvilt-oppgåver. Til neste styremøte vil SNO syne fram resultata frå alle sesongens ferdselsteljarar. Framlegg til tiltaksplanen for neste år er å setje av ein sum til fjerning av øydelagte gamle design-skilt.
7. Referat fra synfaring Brenndalen  
Dersom det er behov for tiltak inne i nasjonalparken, kjem det ein søknad frå grunneigar. NVE meinte det var best å gjere tiltak utanfor vernegrensa, då det hadde størst påverknad på utfordringane i dalen.
8. Bergen turlag på neste styremøte?  
Styret ville gjerne ha oppfølging av Bergen turlag, med eit møte ila vinteren. Styret vi vite meir om korleis turlaget tek vare på Skålatårnet, og kva kompetanse som blir brukt i dette arbeidet.
9. Under styremøtet kom det fram, i framlegget til statsbudsjett for 2019, at det er foreslått seks millionar til styrking av verneområdeforvaltninga i landet. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre får då ein ny, fast stilling til sekretariatet. I tillegg er det satt av ein million til ordninga Nasjonale turiststier og ein million til utvikling av utstillingar m.m. på besøkssentra.

**RS 28/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - ønskje om meir kapasitet i forvaltninga**

**RS 29/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - avklaring om dronebruk til sanking av sau kring Åbrekkenibba**

**RS 30/18 Småreparasjonar på stien til Oldeskaret**

**RS 31/18 Endringar framfor Supphellebreen**

**ST 31/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til uttak av ved til eige bruk - Langedalen i Luster**

**Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 08.10.2018**

## Handsaming i styret

Samrøystes vedteke i tråd med innstillinga.

### Vedtak

Med heimel i verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark § 2.3 og § 4.3 har Jostedalsbreen nasjonalparkstyre fatta følgjande vedtak:

Åse Flugheim gis løyve til å ta ut ved til eige bruk frå Langedalen, Veitastrond, i Luster kommune, jf verneforskrifta § 2.3. Løyvet gjelder maksimalt 6 mål ved årleg i 5 år frå og med 2018 til og med 2022.

#### Vilkår for løyvet:

- Det er berre tillate å ta ut ved gjennom plukkhogst
- Eldre, døande og døde trær og stammer skal ikkje hoggast
- Det skal ikkje hoggast store, særmerkte tre med ein diameter på over 20 cm
- Uttak av ved skal skje på hausten, mellom 1. september og 31. desember

Åse Flugheim gis også løyve til motorferdsle, jf verneforskrifta § 4.3 i samband med uttak av ved til eige bruk frå Langedalen i Luster kommune. Løyvet gjeld utkøyring av ved med traktor i 5 år frå og med 2018 til og med 2022.

#### Vilkår for løyvet:

- Motorferdsla skal avgrensa seg til det som er strengt naudsynt
- Motorferdsla skal ikkje skje i helgene
- Det skal køyrast med traktor i elveleiet, og ikkje på barmark

Det skal gis skriftleg tilbakemelding til nasjonalparkforvaltninga etter at motorferdsla har funne stad.

## **ST 32/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til reparasjon av flaumskade - Bødalen sameige**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 08.10.2018**

## Handsaming i styret

Samrøystes vedteke.

### Vedtak

Med heimel i naturmangfaldlovas § 48 har Jostedalsbreen nasjonalparkstyre fatta følgjande vedtak:

Bødalen sameige får løyve til å fjerne massar frå grusbanken, som ligg oppstraums brua ved Bødalseter. Massane skal brukast til å fylla opp langs austre elvebreidd der elva i dag eroderer. Enkeltsteinar kan leggjast ut, som straumavvisarar naturleg langs elvekanten i samsvar med vedlagte kart og bilete. Løyvet omfattar også naudsynt motorisert transport via vegen og elva til føremålet.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Arbeid i elva og transport til og frå skal skje på ein omsynsfull måte for å unngå unødige inngrep i terreng og landskap.
2. Torv som i dag ligg delvis i elva skal takast vare på og nyttast til revegetering av området etter at massane er flytta.
3. Når arbeidet er slutført, skal nasjonalparkforvaltninga ha rapport med bilete. Etter rapport er sendt skal det ikkje gjerast inngrep i elva.
4. Løyvet gjeld ut året 2018.

## **ST 33/18 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - uttale om catskiing på Strynefjellet**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 08.10.2018**

#### **Handsaming i styret**

Forslag frå Marius Dalin om følgjande tillegg til forvaltars innstilling til uttale:  
*Nasjonalparkstyret meiner prinsipielt at forsøk med catskiing ikkje bør skje så nære ein nasjonalparkgrense.*

Framlegget frå Marius Dalin falt med to mot seks stemmer.

#### **Vedtak**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre kjem med følgjande uttale om catskiing på Strynefjellet:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre finn det lite sannsynleg at forsøksordninga med catskiing rundt Stryn sommarskiser i åra 2019 til 2023 vil føre til vesentleg auka ferdsle inn i Jostedalsbreen nasjonalpark. Fordi forsøksordninga vil være 1. mai til 1. september vil det truleg være så lite snø i dei aktuelle områda der skikøyrarar eventuelt skulle ta seg inn i Jostedalsbreen nasjonalpark, at dette ikkje blir eit problem. Den mest sannsynlege ruta vil være ned mot Sunddalen. Der vil folk vil måtte ta av seg skia så høgt opp i terrenget, der skogkledde lier og få, bratte stiar leiar ned til dalbotn. Frå dalbotn er det langt å gå ut til riksvegen, opp til sju km langs sti. Nasjonalparkstyret vil likevel ha opning for å uttale seg på nytt om seks år, dersom forsøksordninga blir ein meir permanent ordning, og om kunnskapsgrunnlaget er endra samanlikna med dagens situasjon.

Sjølv om Jostedalsbreen nasjonalparkstyre er tvilsam til den store påverknaden på eigne verneverdiar innanfor den vedtekne grensa, kan det være større grad av påverknad innanfor Breheimen nasjonalpark sine vernegrenser. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sender difor over saka til Breheimen nasjonalparkstyre.

## **ST 34/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - dronflyging over Flatbrehytta - Breoppleving**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 08.10.2018**

## **Handsaming i styret**

Samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Med heimel i naturmangfaldlovas § 48 har Nasjonalparkstyret fatta følgjande vedtak:

Breoppleving AS gis dispensasjon frå § 6 i verneforskrifta for bruk av drone til filming rundt Flatbrehytta og Flatbreen i Fjærland. Dispensasjonen gjeld for til saman 2 times filming i perioden 15. juli til 15. september 2019.

### Vilkår for løyvet:

- Det skal berre filmast når det ikkje er andre friluftsfolk enn deltakarar på deira eigne brekurs i nærleiken
- Det skal ikkje filmast i hekketida for fugl (20. mars til 1. juli)
- Det skal komme fram i filmen at den omsøkte droneflyginga har fått dispensasjon frå verneforskrifta
- Breoppleving AS skal oversende alle opptak og bilete til nasjonalparkforvaltninga for fri bruk og formidling

## **ST 35/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - politimelding av dronofilming ved Bøyabreen**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 08.10.2018**

## **Handsaming i styret**

Samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre politimelder Tomasz Korzeniowski for brot på verneforskrifta § 6, ved å ha floge ulovleg med drone rundt Brævasshytta og Bøyabreen.

## **ST 36/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - behov for revidering av verneforskrifta**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 08.10.2018**

## **Handsaming i styret**

Samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Jostedalssbreen nasjonalparkstyre ser at forskrifta for Jostedalssbreen nasjonalpark treng revidering, og ber om dialog og oppfølging av dette arbeidet frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane si side. Nasjonalparkstyret bidreg med det som Fylkesmannen har behov for i prosessen, og ønskjer å være deltakande i revideringsarbeidet.

## **ST 37/18 Eventuelt**